

Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|--------------------|----------------|------------|
| Berit Karin Rystad | FE-000, FA-X20 | 22/513 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 053/23 | Formannskapet | PS | 19.09.2023 |
| 035/23 | Kommunestyret | PS | 15.06.2023 |

Revisjon av beredskapsplan, administrativ del
Følger opp tilsyn frå Statsforvaltar den 4 oktober 2022

Vedlegg:

Fedje kommune - Overordna beredskapsplan - administrativ del

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Fedje kommune hadde tilsyn frå Statsforvaltar på kommunen sin beredskapsplan og helseberedskapsplan den 4. oktober 2022. Statsforvaltar avdekkja i tilsynet at planverket til Fedje kommune var utdatert og ROS skulle vært revidert. Fedje kommune har frist til utgangen av august for å lukke desse avvika.

Statsforvaltaren har avdekt følgande lovbro i tilsynet den 4. oktober 2022:

«Fedje kommune har ikkje ein oppdatert overordna beredskapsplan, og den samordnar ikkje beredskapsplanverket som kommunen elles har. Dette er brot på: Sivilbeskyttelseslova § 15 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 4 og 6. Side: 7/9

Fedje kommune har ikkje ein oppdatert plan for helsemessig og sosial beredskap, og den samordnar ikkje beredskapsplanverket som kommunen elles har for helse- og omsorgstenestene. Dette er brot på: Lov om helsemessig og sosial beredskap (helseberedskapslova) § 2-2, og forskrift om krav til beredskapsplanlegging.»

Det er no utarbeidd beredskapsplan, administrativ del og operativ del og ROS er oppdatert. Den operative delen er unntake offentlegheit. Den operative delen av beredskapsplanen blir vedteke av kommunedirektøren. Helseberedskapsplanen blir vedteke av kommunalsjef for omsorg og levekår. Den operative delen av beredskapsplanen og helseberedskapsplanen vil bli fullført før fristen som statsforvaltaren har satt til å lukke avvika (utgangen av august). Det er den administrative delen som no er til politisk handsaming, og som ligg ved saka.

Vurdering

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kommunen er å sørge for tryggleik i befolkninga. I dette arbeidet er oppdaterte beredskapsplanar og ROS analyse heilt sentralt. For å kunne førebygge og være klar når krisar og ulukker skjer, må planverket være på plass og oppdatert. Covid-19 pandemien viste oss kor sårbart samfunnet er viss ein ikkje har planane klare og har øvd på ulike scenario.

Fedje kommune har no nødvendig reiskap på plass for å handtere uføresette hendingar, og kan jobbe førebyggjande, mellom anna knytt til revisjon av kommuneplanen. Då vil beredskapsplanen

være eit viktig underlag.

Folkehelse

Oppdaterte beredskapsplanar er viktig for å jobbe førebyggjande i fht folkehelsa

Miljø

Oppdatert beredskapsplan er viktig for å handtere uønskte hendingar som påverkar miljøet

Økonomi

Det er god økonomi i å forebygge uønskte hendingar

Konklusjon

Kommunedirektøren er nøgd med å få gode verktøy for å handtere uønskte hendingar, og for å kunne jobbe førebyggjande med beredskapsarbeidet, mellom anna gjennom planverk og øvingar.

Det er heilt sentralt å ha på plass ei fungerande kriselening (KKL) for å kunne handtere ulike hendingar på ein god måte. Kommunedirektøren legg stor vekt på at kommunen framover skal være godt budd på å handtere ulike krisar og uønskte hendingar.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert beredskapsplan for Fedje kommune, administrativ del slik den ligg føre

Kommunestyret - 035/23

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert beredskapsplan for Fedje kommune, administrativ del slik den ligg føre.

Samråystes vedteke.

Formannskapet - 053/23

F - behandling:

F - vedtak:

Kommunestyret vedtek revidert beredskapsplan for Fedje kommune, administrativ del slik den ligg føre.

Samråystes vedteke.

